

LEIAR

Sjefredaktør:
Jan Atle Stang
stang@firda.noRedaksjonssjef:
Yngve Ardal
yngve@firda.noNyheitssjef:
Jon H. Sørland
jon.sorland@firda.noDagleg leiar:
Roif Ardal
roif.aridal@firda.no

FIRDA
Grunnlagt 1917
Partipolitisk og økonomisk uavhengig avis

Kystkultur og eldsjeler

TIL HELGA ER det klart for Fjordsteam 2010, eit veteranbåttreff som i Florø samlar det mest som kan flyte av historiske motorfarty i Norge. Gamle fjordabåtar, flytande brannpumper, lasteskip og ferjer skal fylle hamna frå torsdag til søndag. Lokalt er vi representert med M/S «Atløy», og gledeleg nok kjem også den nyrestaurerte D/S «Stavenes» for å vise seg fram. At ein også skal vise veteranbilar, gamle brannbilar og bussar, øydelegg på ingen måte kystkulturpreget, for også desse doningane er ein del av den same kulturen.

MEN VI VIL i denne spalta få nytte høvet til å peike på noko som er sagt mange gonger før, men som likevel toler å bli gjenteke: Medan vi her til lands har vore ganske flinke til å ta vare på

bonde- og innlandskulturen i form av stavkyrkjer, stabbur og lafta tømmerhus, har kystkultur og fartyvern inntil dei aller siste åre vore stemoderleg behandla i vernesamanheng. Leiar Kai Jensen i Norsk fartyvernforeining har heilt rett når han seier at vi ikkje ville hatt eit fartyvern i skips- og fiskerinasjonen Norge utan eldsjeler som brukar tid, krefter og til dels pengar frå

eiga lomme på å stelle og drifte dei gamle fartya som er ein så viktig del av vår felles nære historie.

TYS DAG SKREIV

Firda om Ludvig Grytten, ein pensjonist som brukar så å seie all tid på gamle «Atløy». Han er berre ein av mange som gjer ein stor privat innsats for fellesskapen. Kulturlivet kan og bør aldri bli eit offentleg ansvar åleine.


Offentlege midlar og profesjonelle kulturarbeidarar kan ikkje og skal ikkje erstatte den dugnadsinnsatsen som blir lagt ned for å drive musikkorps, idrettslag, festivalar og andre aktivitetar.

MEN DET ER viktig at eldsjelene føler dei blir sett pris på. Derfor er vi glad for at den offentlege innsatsen for å ta vare på gamle båtar trass alt har auka monaleg dei siste åra, i takt med forståinga for kor viktig det er å ta vare på desse flytande kulturminna. Eldsjeler må få drive med det dei brenn for, i staden for å bruke energien på skjemavelde og pengeinnsamlingar. Og når flotiljen av gamle båtar sig langs kysten på veg mot Florø og Fjordsteam, er det all grunn til å sende ein tanke til dei som syter for at vi andre framleis får nytte synet av desse båtane.

Sei di mening om leiaren på fjordaglimt.no

Eldsjeler må få drive med det dei brenn for, ikkje bruke energien på skjemavelde

AKKURAT DÅ



SKORVEMARKA TORS DAG 29. JULI KL. 11.44: Denne padda har funne den perfekte gøymestaden i ei lita hole i hagen til Mildrid Stafsnes.

Foto: Marie S. Osland

SJØLVPLUKK

Det store kicket

I månads-skiftet juli-august i 2008 vart tidenes fest arrangert i Måløy. The Tall Ships' Races 2008 skulle bli det store kicket for Måløy og regionen rundt. No veit dei aller fleste korleis det heile enda.

Redaktør i Fjordenes Tidende Erling Waage om The Tall Ships' Races to år etter

Måløy hengt ut

I staden for at Måløy vart kjent som eit godt vertskap, så vart kommunen hengt ut over det ganske land for total mangel på økonomistyring

Redaktør Erling Waage om The Tall Ships'-fedesen

Gamle skilt

Såleis er det tid for å fjerne skilta som har med dette arrangementet å gjere og som står i og rundt Måløy. Det same med heimesida på internett. Den har ikkje vore oppdatert sidan februar 2009.

Redaktør Erling Waage om «arven» etter The Tall Ships' Races

Fjern alle spor!

I respekt for dei som jobbar med å løse utfordringane, og i respekt for dei som merkar pengemangelen på kroppen, så bør vi fjerne alle synlege spor etter festen for to år sidan.

Redaktør Erling Waage om Tall Ships'-fadesen

77 Prosjektet var heilt utan styring, og ingen hadde kontroll

Redaktør Erling Waage om The Tall Ships' Races

Redaksjonen i Firda ■ redaksjon@firda.no ■ Telefon 57 83 33 00 ■ Tipstelefon 57 83 33 33



Kjell Ove Nordeide, deskvakt



Karin Flølo, journalist



Hilde Genberg, journalist



Svein Heggheim, journalist



Helge Johnsen, journalist



Ivar Longvæstøl, journalist



Knut Magnussen, journalist



Atle Lyngstad Ness, journalist



Ingunn Osland, journalist



Sigurd Løseth, journalist/deskvakt



Trond Jan Grimeland, deskvakt



Astrid Iren Solheim, journalist



Bent Are Iversen, fotograf



Kjell Aga Ulvestad, journalist/deskvakt



Stig Roger Erde, sportsjournalist



Einar Trovåg, sportsjournalist



Tone Merete Lillesvangstø, journalist



Erik Grane, nettansvarleg



Katrine Sele, journalist



Sissel Iren Skjerdal, journalist